

TRAKKEMASKIN

Tok kontakt med Erik Lunde som er grunneigar på Sandfjellet hyttefelt, Bulken, for og få ein del informasjon om kjøp, drift og kostnader knytta til trakkemaskin.

Dette hyttefeltet har ca 100 hytter ifølge grunneigar. Dvs på same størrelse som Stuaset-Holo hyttefelt. Der oppe hadde velforeninga trumfa gjennom at alle hytteeigarar måtte betala årleg avgift til løypekjøring. Grunneigar fekk årleg betalt kr 140.000,- frå velforeninga for løypekjøring. Det vil seie ca kr 1.400,- pr hytte pr år.

Det er grunneigar som eig og kjører trakkemaskina. 2001 modell. Den har ei breidd på 4,5 m. Han utfører det meste av reparasjonar sjølv, bortsett frå årlege servicar. Dette er den tredje trakkemaskina han har kjøpt. Den første kjøpte han for gammal, slik at det blei konstant reparasjonar og skruing. Den kjøpte han for 110.000,-, men selde den raskt igjen. Mindre trakkemaskiner er forholdsmessig dyrare enn dei større. Trakkemaskina bør ha fres og sporsetjar. Han ville ikkje tilrå og kjøpe eldre maskin enn 2003 modell, og han ville ikkje kjøpt maskina viss den hadde gått så mykje som 14.000 timar. Størrelse på maskina må me vurdera etter vegbreidda og løypetrasear me skal kjøyre på.

Han vil anbefale at me tek reparasjonar og skruing sjølve. F.eks ein hytteeigar som er mekanikar og likar og skru som kan ta dette som dugnad. Viss ikkje vil det bli fryktelig dyrt. Då hadde aldri han kunne gått til innkjøp av trakkemaskin, sa han. Han visste ikkje om firma på Voss som tek på seg reparasjonar av trakkemaskiner. Dei fleste av desse er på austlandet. Når han har servicar på si maskin kjem det mekanikarar frå austlandet.

Han ville også anbefale at me hadde minst to stykk som kan kjøyre maskina, for det blir mange timar kjøring. Han sjølv syntes at dette no tok altfor mykje av fritida hans. Han hadde derfor tilbydd velforeninga og kjøpe maskina hans og drifte denne sjølve, noko dei var lite lystne til.

Driftskostnader han har på si trakkemaskin:

Drivstoff kr 40.000 – 50.000 pr år.

Service utført av innleigd mekanikar kr 25.000 – 35.000 pr. år.

Dei fire siste åra hadde han kjøpt deler for 150.000,-.

Han hadde hatt ein hovudservice og skifta noko av elektronikken som var øydelagt, utført av firma frå austlandet kr 90.000.

Ugifter til innleigd sjåfør i fjor kr 10.000.

Må også ha forsikring på maskina.

Trakkemaskina kjøpte han for 400.000,-. Det var ikkje sporsetjarar på den. Kjøpte dette i tillegg for 95.000,-.

Utgifter til drivstoff varierer veldig, alt etter kor mykje snø det er, og om denne er våt og tung. Då kunne det gå tre gonger så mykje drivstoff.

Eg spurte han også om han kjørte på islagte vatn, og kva han evt tenkte om dette. Han kjørte ikkje på islagte vatn, men kryssa heller over ved elvemunning. Viss me var sikre på at isen var trygg nok over heile traseen me evt skulle kjøre, så gjekk nok det fint meinte han. Men han ville ikkje teke sjansen på og kjøre over regulert vatn.